

SAK 23/26 ÅRSMELDING 2025**Saksopplysning:**

Årsmelding 2025 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.

Forslag til vedtak:

Regionrådet rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2025.

Hallingdal, 16. mars 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2025

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

ÅRSMELDING 2025



1. INNLEIING

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL er eit politisk samarbeids- og interesseorgan for dei seks kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeider for å utvikle regionen og samarbeidet på tvers av kommunegrensene med særleg vekt på næringsetablering og arbeidsplassar, tilflytting og rekruttering, samferdsel, breibandutbygging og utdanning.

Alle referat og saker ligg på www.regionraadet.no.

2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet: Her møter 5 representantar frå kvar kommune, inkludert ordførar og varaordførar. Kommunedirektørane er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett. I tillegg er Buskerud fylkeskommune representert med to politikarar og ein frå administrasjonen.



Regionrådet for Hallingdal ved hausten 2025

Frå hausten 2025 ser Hallingtinget slik ut:

Solveig Vestenfor var rådsordførar fram til september 2025. Ho valt inn på Stortinget ved valet og Heidi Granli vart rådsordførar den 26. sept 2025. Merete Gandrud er varaordførar.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Sigrid Simensen Ilsøy ordførar	Jørund Li ordførar	Heidi Granli ordførar	Pål Rørby ordførar	Anne Kari Eriksen ordførar	Merete H. Gandrud ordførar
Sissel Hovland varaordførar	Lene Prestegard varaordførar	Tom Rune S Blakkestad varaordførar	Janne Brøndbo varaordførar	Kristian Noreng varaordførar	Tor Egil Buøen varaordførar

Guri T. Slettemoen	Dagfinn Bøygard	Kristin Bakke Haugen	Hege E. Falck-Andersen	Geir Olav Garthus	Steinar Andre Steinarsson
Hanne B. Haatuft	Torhild Helling Bergaplass	Leif Norhaug	Richard Taraldsen	Øyvind Frekeplass	Karen Johanne Gulsvik
Henning Solhaug	Ola Terje Oleivsgard	Jan Kattenberg	Inge Berthram Wahl	Anne Marie Kollhus	Kristin Gullingsrud

Regionrådet sin administrasjon ved utgangen av 2025

Dagleg leiar:	Jan Olav Helling
Regionalutviklar:	Maria Grevsgård
Klimakoordinator	Guro Veslehaug
Prosjektleiar Sirkulærøkonomi	Annette Flaten
Dagleg leiar etablerersenteret	Erik Paule
Prosjektleiar Grunderprosjektet	Nina Aamodt

3. MØTER OG SAKER I 2024

Hallingtinget: To møte som begge gjekk over to dagar. 17 saker vart handsama.

Regionrådet: 9 møter. 82 saker vart handsama

Her er nokre av sakene det har vore jobba med i 2025:

Her er ein del av sakene det er arbeid med i 2023:

YRKESMESSE. 8. og 9. januar 2025 vart Yrkesmessa i Hallingdal arrangert på Storefjell. 1000 ungdom frå heile regionen var innom og målet var å gi ungdom betre innsikt i mangfaldet som finst i lokalt næringsliv, og kva moglegheiter dei har for jobb i Hallingdal etter endt utdanning. Opplæringskontor frå ulike bransjar og ei rekkje lokale bedrifter var med for å fortelja om sin arbeidskvardag og vise moglegheitene som finnes. Representantar frå ulike høgskular og fagskular er også representert.



Hallingdal fekk omstillingsstatus i mars 2021, og omstillingsprogrammet Sats på Hallingdal vart avslutta i 2025. Programmet har fått gode resultat og positive tilbakemeldingar. Det har vore god

leiing, ei tydeleg organisering gjennom Regionrådet og følgde Innovasjon Norge sine anbefalingar. Det ambisiøse målet var 200 nye arbeidsplassar på 3 år, mens evalueringa viser 38 arbeidsplassar så lang, men potensiale på 250 på sikt og dei prosjekta og prosessane som er sett i gong gir resultat. Programmet har styrka det regionalt samarbeidet, betra dialogen mellom bedrifter, bygd gode strukturar og nettverk, og gitt verdifull lærdom. Ein ser mellom anna at større bedrifter og sentrale leiarar burde vore meir involverte, og at betre avklaring med andre aktørar i næringsapparatet ved oppstart ville vore nyttig.

Programmet har også styrka banda til fylkeskommune og Innovasjon Norge. Det er utarbeid interne og eksterne (BDO) sluttrapportar som kjem med gode innspel som regionen kan bruke vidare i sitt arbeid med næringsutvikling og som konkluderar



med at Sats på Hallingdal har bevist at regional næringsutvikling løner seg.



Bærekraft Hallingdal er eit bærekraftssamarbeid med av medlemmer frå Regionrådet, Hallingdal Næringshage og Sparebankstiftelsen Hallingdal. Bærekraft Hallingdal støttar kommunar og næringsliv på mange plan i deira arbeid med å med å gjere Hallingdal til en meir klimavennleg og bærekraftig region og dei arbeider med å integrere klima, natur og klimatilpassing betre i kommunale planar. Sjå heimesida (<https://berekrafthallingdal.no/>)

Hovudaktivitetar 2025


- Hallingdal klimakonferanse vart gjennomført med 14 innleiarar og 100 deltakarar
- Arbeid med «missions» sirkulære verdikjeder vidareført i samarbeid med BFK, NCCE og Hallingdal næringshage, med fokus på overskotsmassar, trevirke og organisk avfall.
- 3 kommunar hadde faste klimaråd i 2025, og dei blir jobbar med innføring av klimabudsjett og klimaregnskap.
- Nabogo vart vidareført for å auke samkøyring.
- Betra kjeldesortering innført på fleire kommunale bygg.
- Første "Hallingdal ombruksveke" arrangert med arrangement i alle kommunar, til saman 24 aktivitetar
- Hallingdal vart medlem av *Kommunenettverket for klimaomstilling*
- Fem ladestasjonar for tungtransport etablert på Gol.
- Regionalt innkjøpsamarbeid held fram som klimasatsprosjekt - sluttrapport utsett til 2027
- Termografikamera vart lånt ut gjennom biblioteka
- Fire destinasjonar re-merka som bærekraftig reisemål med nye strategiar og handlingsplanar for tre år
- Miljøfyrtårnsertifiseringane auka i både kommunal og privat sektor frå 2024 til 2025.



Kommunal		Private	
2024	2025	2024	2025
20	24	101	116

Utsleppsstatus

- Målet er 40 % kutt i direkte utslepp innan 2028, (frå 2009-nivå) , mens reduksjonen i 2024 er 8,9 % samanlikna med 2009.
- *Direkte utslepp* utgjer om lag 10–20 % av dei totale utsleppa; dei *indirekte utsleppa* frå innkjøp og transport utgjer då 80-90% og må jobbast med framover, blant anna gjennom arbeid med klima- og miljøkrav i offentlege innkjøp.



SAMFERDSEL

For Regionrådet er arbeidet for bedre kollektivtransport og bedre veg og bane i og til Hallingdal alltid ei prioritert oppgåve. Samferdselsutvalet som er nedsett av Regionrådet har vore aktive og drive påverknadsarbeid og alliansebygging og hatt eit utal møter med politikarar på Storting og i fylket og med samarbeidspartar som Forum nye Bergensbanen, Ringhallalliansen eller fylkesadministrasjonen og ringeriksregionen. Gjennom innspelsmøte, og høyringsuttaler og har dette vore Hallingdal si klare prioritering:

1. Midlar til oppstart av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 frå Skaret - Hønefoss i første halvdel av NTP 2025-2036.
2. At det kjem statlege midlar til Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol) i første halvdel av NTP
3. Utbetningsstrekning Svenkerud - BU
4. At regulariteten på fjellovergangane aust – vest (Rv7 og Rv52) blir vesentleg betra


Resultatet av påverknaden er at FRE 16 framleis er inne i NTP men utan løyving og med usikre utsikter. Vegpakke Hallingdal ligg inne i første del, framleis utan løyving men med ein god prosess som starta med vedtak og vidareføring av innkreving av Sokna - Ørgenvika. Rv 7 vest for Svenkerud inkl. tunell på Hardangervidda blir det jobba vidare med . Rv 52 er det løyvd midlar for utbetring.

Kollektivtilbodet har det vore jobba med og det er varsla budsjettauke frå 2026. så det er håp om noko betring.

KOMPETANSE OG

UTDANNING er det satsingsområdet der det har vore størst utvikling dei seinare åra, men det er også eit område der ein må jobbe knallhardt for å halde på det tilbodet som er i dalen. Regionrådet har ei klar målsetting om å bidra til fleire

KOMPETANSE OG UTDANNING



utdanningsplassar i Hallingdal. Regionrådet har tett kontakt med VGS både gjennom skuleeigar, rektorar og karrieresenter og det blir jobba tatt mot dei som tilbyr høgare utdanning.

Campus Hallingdal har vor i drift i litt over eit år og tilbyr om lag 120 studieplassar innan fleksisjukepleie, IT og digitalisering og lærarutdanning 1-7. trinn. Utdanningscenter Geilo (USG) tilbyr leiarutdanningar, studiar i bedriftsøkonomi, berekraft og akvakultur både på Geilo og på Torpomoen i tillegg til Fagskulestudiar innan helse og byggfag.

Etter pandemien har ungdomskulla vorte mindre og studentane har funne nye måtar å studere på. Det er derfor utfordrande å få tilstrekkeleg søkartal på til dei studieplassane me har.

Etableringsprosjektet til Campus Hallingdal vart avslutta i 2025, men det blir jobba for fullt med utvikling med Gol kommune og Regionrådet som tette samarbeidspartar til USN.

Vidare har det vore stor fokus på utanforskap både gjennom tiltak som KI – lab, Kafe Tid og Kafe Makalaus. Fylkeskommunen har sett fokus på temaet og i Hallingdal har me utarbeid vårt eige Vegkart for arbeidsinkludering som skal bidra til å få 600 fleire ut i arbeid.

VEIKART FOR ARBEIDS-INKLUDERING

Sammen gir vi mennesker muligheter til å ta i bruk sine ressurser og tilføre verdi.

Rekruttere	Utvikle	Beholde
Rekruttere gjennom arbeidinkludering.	Utvikle ansatte og ledere sin kompetanse.	Utvikle gode arbeidskjer sammen og ta folk jobbe lenger.

REKRUTTERE UTVIKLE BEHOLDE	Prinsipp 1: På lag med arbeidsgiver Arbeidsgiver får nødvendig støtte og kompetanse til inkluderingsarbeid.	Prinsipp 2: Behovet for arbeidskraft Inklusjonsprosessen tar utgangspunkt i arbeidslivets behov for arbeidskraft og kompetanse.
----------------------------------	---	---

Regionrådet for HALLINGDAL
I samarbeid med Høgskulen i Hallingdal, 2023.



Bu - og blilyst Hallingdal

Programmet for regionalt bu- og blilyst vart etablert som eit toårig samarbeid mellom Hallingdals kommunane, Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune i 2023 og vart avslutta i 2025. Målet var å finne ut kva tiltak som best bidreg til å behalde og tiltrekkje innbyggjarar, og å få dette arbeidet inn i ordinær drift i kommunane. Programmet har vore delt inn i tre delprosjekt: attraksjonskraft, bustadutvikling og trivsel og tilhørgheit. Her er fem anbefalingar om bu- og blilyst arbeidet vidare i Hallingdal:

1. Ta i bruk kunnskapen frå bulystprogrammet
2. Forankre og styrke bu- og blilystarbeidet
3. Tilrettelegge for tilflytting, trivsel og inkludering
4. Samordne og utvikle bustadpolitikken
5. Bygge merkevara Hallingdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion




Les meir om delprosjekta, resultat læringspunkt og erfaringar i sluttrapporten, samt andre dokument knytt til rapporten ved å opne QR koda.

Hallingdal Etablerersenter

Hallingdal Etablerersenter har lagt bak seg eit travelt år med mange prosjekt. Me har ny strategi fastsett av dagleg leiar i samarbeid med Fagrådet. Dette gir ein tydeleg retning på arbeidet. Me gjer framleis gratis og uavhengig bistand til personar i Hallingdal som::

- vil starte eigen forretningsverksemd
- søkjer råd om finansiering og forretningsplan i etableringsfasen
- ynskjer å vidareutvikle eigen forretningside



HALLINGDAL
Etablerersenter

- søker kontakt med andre gründarar eller andre næringslivsaktørar (nettverk)
- treng råd og tips om nyetablert verksemd.

I 2025 var det 119 aktive prosjekt som fekk rådgjeving frå etablerertenesta. Dette er ny rekord. Kvinneandelen er 52% , som er vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet(20-29%). Tabellen under viser data:

	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	totalt
2025	30	28	17	22	14	8	119
2024	15	28	18	18	9	2	90
2023	14	23	17	10	19	6	89
2022	15	16	13	7	5	2	58
2021	13	18	12	20	4	3	70

4. VERV

Vedtak:

For valperioden 2023 – 2027, er desse valt (med justeringar etter Stortingsvalet i 2025)

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Jørund Li Pål Rørby	Heidi Granli Anne Kari Eriksen
Styre for Hallingdal Næringshage	Sigrid S. Ilsøy	Pål Rørby
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Pål Rørby	Sigrid S. Ilsøy
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	Jørund Li
Representant til SLT	Merete Gandrud Anne Kari Eriksen Sigrid S. Ilsøy (leiar) Hege Mørk Karsten Dideriksen Bjarte Reve	Odd Egil Stavn Ole Johnny Stavn Heidi Granli Jørund Li Pål Rørby
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Anne Kari Eriksen	Merete Gandrud

Samferdselsutval for Hallingdal	Petter Rukke, leiar Heidi Granli Pål Rørby Tor Egil Buøen Tom Rune Blakkestad Ole Johnny Stavn Jan Olav Helling	Anne Kari Eriksen
Leiar Vassområdeutvalet Hallingdal	Anne Kari Eriksen	
Leiar repskap. Hallingdal brann og redning	Pål Rørby	Merete Gandrud
Leiar repskap. Hallingdal Renovasjon	Sigrid S. Ilsøy	Tom Rune S Blakkestad
Kontaktperson Vidju Holding	Heidi Granli	Sigrid S. Ilsøy
Kontaktperson Hallinghelse	Merete Gandrud	Heidi Granli
Kontaktperson VINN AS	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli
Kontaktperson Ungt entreprenørskap	Tom Rune S Blakkestad	

5. ØKONOMI

Rekneskapen til Regionrådet for 2025 viser eit meirforbruk på drifta med kr. 388 144. Disposisjonsfondet vart redusert frå kr. 1 474 323,47 ved utgangen av 2024 til 1 086 179 ved utgangen av 2025.

6.OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

I 2025 hadde Hallingdal folketalsvekst i 3 kommunar og svak nedgang i 3 kommunar. Totalt sett ein relativt stor auke som i all hovudsak skuldast asylmottak i Ål kommune. Utan veksten i asylsøkjjarar hadde det vore eit «normalår» med stabilt folketal, riktignok framleis grunna innflytting og ikkje fødselsoverskot. Det betyr at me framleis må jobbe godt for å tiltrekke oss nye innbyggjarar og nye arbeidstakarar og at bulystarbeid, felles profilering og næringsutvikling må sjåast i samanheng. Hallingdal har framleis høg bustadattraktivitet

Kommune	31.12.2024	31.12.2025	endring
Flå	1117	1122	5
Nesbyen	3266	3234	-32
Gol	4888	4902	14
Hemsedal	2685	2707	22
Ål	4835	5106	271
Hol	4527	4522	-5
SUM	21310	21 593	275

og me klarar oss framleis svært bra samanlikna med andre distriktsregionar – så utsiktene er gode. Trendane i næringslivet i Hallingdal har ikkje endra seg mykje det siste året. Verda er om mogeleg endå meir ustabil enn før og det er spådd høgt prisnivå og høg rente i lang tid. Det betyr at folk er meir forsiktige med investeringane og at byggeaktivitet, både privat og i næringslivet går seint. Turistnæring og handelsnæring har relativt gode dagar og fleire gjester frå utlandet pga. kronekurs. Me har avslutta omstillingsprosjektet Sats på Hallingdal - som har vore vår ei ekstraordinære næringslivssatsing i 3 år. Resultatet av programmet, når det gjeld arbeidsplassar, var nærare 40, men potensielt kan talet bli langt større. Programmet har vist at det løner seg å samarbeide om næringsutvikling. Me bør derfor drøfte korleis me skal trappe opp stimuleringa av næringslivet. Korleis kan kommunar, fylkeskommune, kraftselskap og bankar, saman med etablartenesta, næringshagen og andre aktørar, bidra til vekst og lønnsemd i næringslivet. blømer.

«Kampen om arbeidskrafta» er framleis gjeldande og kampen for å endre utanforskap til innanforskap, har kome eit steg vidare. Fylkeskommunen har sett fokus på dette, kommunane satsar og Hallingdal har fått sitt eige vegkart for arbeidsinkludering. Dette i tillegg til dei gode eksempla på kva ein kan gjera lokalt på dette området om ein tenker utradisjonelt og gjer dei rette grepa med tanke på organisering og samarbeid kan føre til at Hallingdal blir ein føregangsregion på inkludering.

Hallingdal har i 2025 tatt fleire viktige steg innan sirkulærøkonomi, ombruk og betre miljøleing, men reduksjonen i direkte utslepp (8,9 % sidan 2009) ligg framleis langt frå målet om 40 % innan 2028. SPR

Klima og energi peikar på behovet for tydelegare styring, betre datagrunnlag og sterkare kopling mellom plan, drift og innkjøp. For å lukkast vidare må regionen prioritere klimabudsjett og klimarekneskap som inkluderer både direkte og indirekte utslepp, styrke arbeidet med grønt transport og energioppfølging, og vidareutvikle sirkulære verdikjeder. Med betre samordning og mobilisering av både kommunar og næringsliv står Hallingdal godt rusta til å løfte klimaarbeidet vidare.

Regionrådet si satsing på skule, utdanning og kompetanse har så langt gitt gode resultat, men står framleis som ei sårbar ordning. Campus Hallingdal og USG på Geilo har etablert fleire studieløp i dalen og håpet er at Hallingdal endeleg har ein struktur der offentleg sektor, næringsliv og akademia kan utvikle regionen i fellesskap. Me jobbar for at Campus Hallingdal skal bli ein sentral arena for kunnskaps- og kompetanseutvikling, til gagn både for regionen og for universitetsmiljøa.

Samtidig er situasjonen krevjande: Høgskule- og universitetssektoren nasjonalt er under press, og mange institusjonar opplever nedgang i talet på studentar som møter fysisk på campus etter pandemien. Dette påverkar også små og desentraliserte undervisningsstader, som er ekstra sårbare når rekrutteringa varierer.

For både VGS og høgare utdanning det avgjerande at næringslivet, skulen og det offentlege samarbeider tett for å sikre og vidareutvikle dei utdanningstilboda som finst i dalen. Dette er viktig både for å halde ungdom i regionen og for å dekke behovet for arbeidskraft i både offentleg og privat sektor framover.

På Samferdselsområdet blir det jobba bra i Hallingdal – og sjølv om utviklinga går sakte, er det ein gryande, ny optimisme å spore. Me har tru på at vegpakka kjem, me er trygge på at det skjer noko med RV 52, det er framleis usikkert kva som skjer med FRE 16 og kollektivtransporten er ei utfordring, men har fått styrka budsjett i 2026

For å sikre framdrift er det avgjerande at Hallingdal, Ringerike og dei folkerike kommunane rundt Drammen jobbar saman og dannar sterke alliansar. Sjølv sagt saman med BFK, FNB og andre samarbeidspartar. Det er berre slik me kan løfte fram dei viktigaste prosjekta og få gjennom dei nødvendige investeringane.

Hallingdal har over år vist at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er landets største reiselivsregion, det skjer spennande ting i industrien og på utdanningssida. I tillegg satsar me stort på klima og berekraft gjennom bærekraft Hallingdal Målet er lågare utslepp, redusert forbruk og ein grøntare dal. Saman med dei andre satsingane og «folka» i dalen gir alt dette nokre moglegheiter som kan bidra til å skape attraktive lokalsamfunn som nye innbyggjarar vil koma til, der folk trivast og der ein har spennande og varierte arbeidsplassar og fritidstilbod.

Kva seier AI om dei viktigaste endringane i Hallingdal frå 2024 → 2025

1. Store energiprojekt og kraftutbygging

Den største kraftutbygginga i Hallingdal på 60 år (Hemsil 3)

I 2025 vart det vedteke ei massiv investering på **2,5 milliardar kroner** i det nye kraftverket **Hemsil 3**, eit samarbeid mellom Hafslund og Eidsiva. Prosjektet vil:

- Auke den installerte effekten med **86 MW**
- Utnytte fallet mellom Hemsedal og Gol betre
- Gje kraft tilsvarande straumforbruket til **44 000 husstandar**

2. Kraftnett og infrastruktur – store endringar i energisystemet

Statnett si **områdeplan for Hallingdal og Ringerike (mai 2025)** viser fleire viktige utviklingstrekk:

- Reinvesteringar og oppgraderingar av **420 kV-nettet** frå Aurland via Ådal.
- Planar om **ny Ringerike stasjon** som legg til rette for kraftkrevjande industri og datasenteretableringar (100–500 MW framtidig forbruk).
- Auka forespurnader om nytt kraftforbruk i Hallingdal – **200 MW allereie reservert**, medan **575 MW står i kø**.

3. Bærekraft og sirkulærøkonomi – nye regionale tiltak

I 2025 vart fleire nye initiativ lansert for å gjere Hallingdal meir berekraftig:

- **Relansering av Sirkulærkartet** for Buskerud, Akershus og Østfold med 210 nye stadar for reparasjon, gjenbruk og deling.
- **Ombruksfestivalen** (23.–27. april 2025) – den første i Hallingdal, eit stort løft for gjenbruk, ombruk og lokal grøn kultur.
- **Hallingdal Klimakonferanse 2025** med tema «Frå utfordringer til muligheter».

4. Mobilitet og transport – nye løysingar

I 2025 vart **samkøyringstenesta Nabogo** lansert i samarbeid med Brakar.

Dette gjer det mogleg for sjåførar å tene pengar på ruter dei uansett køyrer

5. Internasjonal profilering av Hallingdal

I 2025 deltok Hallingdal på **Emigration Expo i Nederland**, med mål om å: Rekruttere arbeidskraft

Profilere Hallingdal som ein attraktiv stad å bu og starte bedrift

6. Sosial og næringsretta utvikling

- **Kvinnegnist – eitt år i 2025** - Eit nettverk som styrkar kompetanse, entreprenørskap og likestilling blant kvinner i regionen.
- **Ungdommens Hallingting 2025** - Styrkar ungdomsmedverking og regional samhandling.

7. Reiseliv og regional attraktivitet – utviklingstrekk inn i 2025

Destinasjonsanalyse (Menon, publisert 2024) Rapporten viser:

- 4,6 millionar gjestedøgn
- 56 % vekst i omsetning frå 2013–2023
- Reiselivet som ei hovudnæring i Hallingdal

Hallingdal 15. mars 2026

Jan Olav Helling

Dagleg leiar i regionrådet